

REKOMMANDASJON nr. 21**av 28. november 1996****om bruken av artikkel 69 nr. 1 bokstav a) i forordning (EØF) nr. 1408/71 på arbeidslause i følgje med ektefelle som er sysselsett i ein annan medlemsstat enn den kompetente staten(*)**

(97/C 67/03)

DEN ADMINISTRATIVE KOMMISJONEN TIL DEI EUROPEISKE FELLESSKAPA FOR TRYGD FOR VANDREARBEIDARAR -

som viser til artikkel 81 bokstav a) i rådsforordning (EØF) nr. 1408/71 av 14. juni 1971 om anvendelse av trygdeordninger på arbeidstakere, selvstendig næringsdrivende og deres familiemedlemmer som flytter innenfor Fellesskapet, der han vert pålagt å handsame alle administrative spørsmål eller tolkingsspørsmål som melder seg i samband med forordning (EØF) nr. 1408/71 og seinare forordningar, og

som legg desse synsmåtane til grunn:

Etter artikkel 69 nr. 1 kan ein heilt arbeidslaus arbeidstakar eller sjølvstendig næringsdrivande som reiser til éin eller fleire andre medlemsstatar enn den kompetente staten for å søkje arbeid der, på visse vilkår og med visse avgrensingar halde ved lag retten sin til ytingar ved arbeidsløyse.

Eit av dei vilkåra som er fastsette i bokstav a) i det førnemnde nummeret, er at den personen det gjeld, må ha vore til rådvelde for arbeidsformidlinga i den kompetente staten i minst fire veker etter han eller ho vart arbeidslaus.

Etter bokstav a) siste punktumet kan den kompetente arbeidsformidlinga eller institusjonen likevel samtykkje i at den arbeidssøkjande reiser før fristen på fire veker går ut.

Eit slikt samtykke bør i prinsippet gjevast til personar som ønskjer å følgje med ektefelle som har fått arbeid i ein annan medlemsstat, dersom dei stettar dei andre vilkåra som er fastsette i artikkel 69 nr. 1 i forordning (EØF) nr. 1408/71.

Denne rekommandasjonen er gjeven på dei vilkåra som er fastsette i artikkel 80 i forordning (EØF) nr. 1408/71 -

OPPMODAR dei kompetente arbeidsformidlingane og institusjonane om følgjande:

1. Samtykke til å reise før utgangen av den fristen på fire veker som er fastsett i artikkel 69 nr. 1 bokstav a), skal gjevast til heilt arbeidslause arbeidstakarar eller sjølvstendig næringsdrivande som følgjer med ektefelle som har fått arbeid i ein annan medlemsstat enn den kompetente staten, dersom dei stettar alle dei andre vilkåra som er fastsette i artikkel 69 nr. 1.
2. Denne rekommandasjonen skal nyttast frå første dagen i månaden etter at han er kunngjord i *Tidend for Dei europeiske fellesskapa*.

Denis CROWLEY

President for Den administrative kommisjonen

(*) Denne EF-rettsakten, kunngjort i EFT nr. C 67 av 4.3.1997, s. 3, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 96/97 av 28. november 1997 om endring av EØS-avtalens vedlegg VI (Trygd), se denne utgaven av EØS-tillegget til De Europeiske Fellesskaps Tidende.